

Filma gudsteneste og open kyrkje 1. påskedag.

11.04.2020



Gudstenesta frå Kvinnherad kyrkje 1. påskedag kl. 11 vert filma og sendt på nettet.

Det vert direkteoverføring på nettet av gudsteneste frå Kvinnherad kyrkje 1. påskedag kl. 11.00. Kjersti Brakestad Boge er prest. Kantor Eva Megyesi er organist. Med seg har ho Kristine Hestad på fløyte, Oddbjørg Heimark og ei gruppe som syng salmane og er med i liturgien. Frå kl. 19.30 er det Open kyrkje i Uskedalen med lystenning, bøn, nokre salmar og elles ei stille stund til refleksjon og ettertanke.

Sendinga frå Kvinnherad kyrkje vil du finna på Grenda og Kvinnheringen sine nettsider og elles på Facebook. Alt er ope og ingen treng ha abonnement for å kunna vera med på den streama gudstenesta.

I pressemeldinga frå kyrjekontoret kjem det fram at dette tilbodet er viktig i ei tid då det ikkje let seg gjera å samlast i eit fellesskap på vanleg måte. Ei filma gudsteneste på nettet kan vera til god hjelp og trøyst for mange, som elles sit mykje åleine,



[Det vert Open kyrkje i Uskedalen 1. påskedag frå kl. 19.30.](#)

Til Open kyrkje er det lov å samlast med inntil 15 personar om gongen. Soknerådet i Uskedalen er pålagt å fylgja reglane for smittevern med mellom anna bruk av antibac og to meters avstand mellom kvarandre.

Vel møtt til filma gudstenste kl. 11.00 og Open kyrkje i Uskedalen kl. 19.30 til kl. 21.00.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kyrkja i Kvinnherad / Einar Gjertsen